

Utviklingsplan for Firda vgs 2021-2024

Visjon

«Saman om lærelyst og meistring»

Slagord

«Firda – meir enn ein skule»

Mål:

Vi skal:

- Opne nye dører til eit godt liv no og i framtida
- Vere ein inkluderande lærings- og danningsarena for alle
- Gjennom skaperglede, engasjement og utforskartrong oppnå ny kompetanse og mestre nye ferdigheiter
- Saman engasjere for eit rettferdig og berekraftig samfunn
- Legge til rette for reell medverknad og demokrati i skulekvardagen

Måla er forankra i formålsparagrafen (opplæringslova § 1.1), overordna del av læreplanen, mål og strategidokument for Vestland fylkeskommune 2021-2025, «Fornye og forbetre – auka gjennomføring» og VLFK sine verdjar: Kompetent – open - modig

Våre ambisjonar:

Firda vgs skal vere ein trygg skule med klare rammer rundt elevar og tilsette. Eit sterkt og godt lag av tilsette, skal gjennom elevmedverknad og dialog legge til rette for at alle skal ha eit meningsfullt og godt liv på skulen.

Struktur

Firda vgs er opptekne av å sjå heile eleven. Gjennom godt kvalifiserte og fagleg oppdatert personale, engasjerer vi oss i å legge trygge rammer rundt eleven, mellom anna i form av faste «heimerom» for kvar klasse, jamlege fellessamlingar og felles lunsjtid for alle. Open skule på ettermiddagstid er med å inkludere og danne. Skulen nyttar felles språk gjennom karriereknappane som innfallsvinkel til ulike problemstillingar både fagleg og sosialt.

PROSESS

Elevar og vaksne spelar på lag og er saman i prosessar som gir meistring og ny kompetanse. Erfaringsdelingar vert aktivt nytta i læringsarbeidet for alle ved skulen.

RESULTAT

Gjennom arbeidet i kvardagen skaper vi samhald og identitet. Gode relasjonar skaper engasjement og medverknad. Elevane får kjenne på lærelyst og meistring som gir grunnlag for gjennomføring.

Dette gjer vi:

Elevar: «eit godt liv på Firda vgs og i Gloppen»

Tiltak	Ansvar	Tid
Gjennomføre overgangsmøter og samarbeidsmøter mellom ungdomsskule og vgs	Rådgjevar og leiing	21-24
Styrke samarbeidet med foreldre og føresette gjennom tettare dialog, minst to samtaler pr. år for elevar som er under 18 år	Kontaktlærer og rådgjevar	21-24
Vidareføre arbeidet i klasseteam som eit tiltak for å styrke klassemiljø og tiltak for enkelt elevar	Avdelingsleiar elevtenester	21-24
Vidareføre og vidareutvikle open skule	Elevtenesta og miljøkoordinator	21-24
Eigen plan for god skulestart for alle vg1 elevar	Leining og kontaktlærarar	21-24
Bruke karriereknappane aktivt i refleksjons og læringsarbeidet	Rådgjevar og lærarar	21-24
Gjennomføre livsmeistrings program på vg1, vg2 og vg3, inkludert heilt sjef som tiltak for vg2	Leining, rådgjevar og kontaktlærarar	21-24
Bruke «Ung data» og elevundersøkinga aktivt i forbetningsarbeidet	Leinga	21-24
Jobbe vidare med forsterka hybel som tiltak for auka gjennomføring	Leinga	22-24

Lag: «gode relasjonar»

Tiltak	Ansvar	Tid
Bygge samarbeidskultur der det vert naturleg å dele praksis	Leinga/alle	21-24
Skulen har eit fagleg oppdatert personale som er representert i utval og organisasjonar lokalt, regionalt og nasjonalt	Leinga	21-24
Legge til rette for møteplassar der det er rom for gode faglege samtaler	Leinga	21-24
Føreseieleg møteplan og tydeleg møtestruktur	Leinga	21-24
Utvikle elevtenesta som støtte rundt eleven	Leinga	21-24
Bruke «Firda podden» som delingsarena	Aktuelle lærarar	21-24

Læring: «lærelyst og meistring»

Tiltak	Ansvar	Tid
Utarbeide eigen plan for nærvær og frammøte	Avdelingsleiar elevteneste	h-22
Arbeid med vurdering og læringsprosessar vert vidareført	Leinga	21-24

Varierte arbeidsmetodar og elevmedverknad er tema på seksjonsmøte og felles møter	Fagkoordinatorar og leiing	21-24
Seksjonen er open for nytenking og inkluderer nye lærarar i utviklingsarbeidet	Fagkoordinatorar	21-24
Oversikt over aktivitetar og plan for arbeid med dei ulike kompetansemål i det enkelte fag skal vere tilgjengeleg i one note tidleg i skuleåret	Lærar	21-24
Det skal gjennomførast minst 2 klassemøter i løpet av semesteret der klassemiljø og læringsarbeid er tema	Kontaktlærar	21-24
Studiekafe som tiltak for å fremje lærelyst og meistring	Elevtenesta	21-24

Leing: «er tett på»

Tiltak	Ansvar	Tid
Tydelege og engasjerte leiarar	Leiinga	21-24
Ha ei aktiv rolle i utvikling av profesjonsfellesskapet	Rektor	21-24
Leiarar som viser interesse gjennom formelle og uformelle møter	Leiinga	21-24
Alle tilsette skal ha minst ei utviklingssamtale/medarbeidarsamtale i løpet av eit arbeidsår. Dei som er nye skal ha to	Avdelingsleiar og rektor	21-24
Avdelingsleiar skal så sant det er mogeleg delta på seksjonsmøte og klasseteammøte	Leiinga	21-24

Medverknad: «Reell innverknad på arbeid og læringsarbeid»

Tiltak	Ansvar	Tid
Det skal leggest til rette for reell medverknad frå elevar og tilsette gjennom drøftingsmøte, elevråd, skuleutval og skulemiljøutval	Rektor	21-24
Tillitsvalde og leing gjennomfører ei dags samling i løpet av året der vi har fokus på skuleutvikling	Rektor	22-23
Minst 4 møter mellom styret i elevrådet og leiing i løpet av skuleåret	Elevrådskontakt i leiinga	21-24
Faglærar har ansvar for å gjennomføre førebudd fagsamtale minst ein gong pr. semester	Faglærar	21-24
Klassemøter som arena for refleksjon rundt læringsarbeid og skulemiljø	Kontaktlærar	21-24

Utviklingsprosjekt: «relevante og gode opplæringstilbud»

Tiltak	Ansvar	Tid
Fokus på utvikling av vurderings- og læringsprosessar med aktiv bruk av erfaringsdeling i profesjonsfellesskapet	Leiinga	21-24
Fortsette arbeidet med godkjenning av læreplan for klima/miljøfag. Utarbeide plan for og søke om landslinje for klima/miljøfag evt. tilby fylkeslinje i samarbeid med nettskulen i VLFK	Leiing	21-23
Jobbe aktivt inn mot FN sine bærekraftsmål	Alle	21-24
Utvikle digitale læremiddel for minoritetsspråklege elevar i samarbeid med Gloppen modellen	Leiinga	22-23
Utvikle nettbasert opplæring for minoritetsspråklege vaksne i samarbeid med nettskulen i VLFK	Leiinga	22-23
Spissa skule for toppidrett i samarbeid med olympiatoppen	Idrettsseksjonen og leiinga	22-23
I samarbeid med lokalt næringsliv arbeid for at skulen skal kunne tilby minst eit yrkesfagleg opplæringstilbud	Leiinga	22-24

Hus og anlegg: «gode rammer for trivsel og læring»

Tiltak	Ansvar	Tid
Vidare arbeid med universell utforming av skuleanlegget	BET	21-24
Førebu rehabilitering av Aulaen	Rektor/BET	h-22
Legge til rette for fleire grupperom/kvilerom	Rektor	21-24
Jobbe for å få opp eit garasjebygg/miljøstasjon	Rektor	21-24
Sørge for klasserom som legg til rette for god undervisning	Avdelingsleiar	21-24
Søke om miljøfyrtårnsertifisering	Rektor	21-22
Bli papirfri skule	Leiing	21-22
Vere sykkelvenleg skule – få på plass ladepunkt til sykkel	Leiing/BET	21-22
Gjennomføre husmøte og samarbeidsmøte med BET, Th eigedom og Gloppen kommune	Avdelingsleiar	21-24
Kjønnsnøytral garderobe/toalett	Leiinga/Th eigedom	22-24